



HARDANGER MUSIKKFEST  
Ullensvang Herad  
5780 KINSARVIK

Dato: 04.07.2017  
Vår ref.: 2017/181-15  
Saksbehandlar: pereker  
Dykkar ref.:

Att. Solfrid Borge

## **Innbjoding til Opningskonsert - Hardanger Musikkfest 2017**

Vi vil takke så mykje for invitasjonen til Hardanger musikkfest i byrjinga av juni. Opningskonserten vart ei storslagen og minnerik kulturoppleving. Vi nytta også høvet til å vitje fleire konsertar i ulike format dei to første dagane.

Som tilskodarar opplevde vi ein over måte vellukka festival. Hardanger musikkfest la for dagen eit program med stor kunstnarleg tyngd og som spente over både sjangrar og geografi. Me vart både overraska og oppglødde. Gjennom medvite arbeid med å formidle tradisjon og fornying, historie og aktualitet i musikken, innfrir musikkfesten på alle vis det kulturpolitiske ansvaret som føl av det offentlege engasjementet.

Me i Hordaland fylkeskommune ynskjer ein framleis god sumar og alt godt i det vidare!

Per Morten Ekerhovd  
kst fylkesdirektør kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*